



Tre av dei som vert å sjå på TV2 i juni, Hans Gustav, Kristian og Reidar.

**Sommarbygda Uskedalen kjem til å verta profilert meir enn nokon gong denne sommaren. I går vart det kjent at TV2 kjem til å senda 4 program, kvart på 26 minutt, frå Uskedalen. Hovudinnhaldet i programmet vert allsong, men det vert også vist eit 4 minutts filmopptak som viser særpreg ved Sommar- Uskedalen i kvart program.**

Det er Reidar Myklebust og Kristian O. Bringedal som vert gjennomgangspersonar i dei 4 programma som har mønster etter dei populære allsongprogramma **Allsong i sjøkanten** som dei har leia dei siste somrane. Tittelen på programma vert også **Allsong i sjøkanten**, og dei vert sendt 4 onsdagar i juni kl.20.30. I juli vert serien sendt frå Lom i Nord-Gudbrandsdalen, og då vert tittelen endra til **Allsong i innlandet**.

I går var Vebjørn Ytre-Hagen frå underhaldningsavdelinga i TV2 i Kvinnherad. Han hadde møte med Kristian der grovplanen for opptaksarbeidet vart lagt. Dessutan var dei to på synfaring i Systrene Nilsen sine lokale saman med Gunnhild Nilsen Hillestad. Ytre-Hagen gav uttrykk for at lokala var perfekte for eit slikt program. Han kunne også tenkja seg at terrassen blei brukt.

Opptaka vil verta gjort i veke 20. Dei startar mandag 11.mai og vert avslutta onsdag kveld. Sjølve allsongopptaka vert gjort på kveldstid etter kl.18, medan teamet frå TV2 brukar dagane til å gjera opptak til filmsnuttane som skal presenterast i kvart program. TV2-teamet vert innlosjert på Solheim Turiststasjon.

Kristian Bringedal fortel at han og Reidar har fått frie tøyalar for utval av songar og gjesteartistar. Han seier at ingen avtaler er gjort enno, men han håpar dei kan få med ein del av dei som tidlegare har delteke som gjesteartistar. Dessutan har han lyst å bruka musikklaget i opningsnummeret i kvart program. Han tenkjer seg då eit samspel mellom dei og publikum i songen **Det som ein gong var**, om lag som på kulturkafèen i Helgheim sist veke.

Elles er Bringedal open for innspel både når det gjeld songar, gjesteartistar og tips til filmopptak. Han reknar med at det er mange som vil bidra som publikum, og såleis vera med å presentera bygda på beste måte. Dei kan sikra seg publikums plass med å senda melding til **932 88 237**. Der kan ein også leggja inn tips til gjesteartistar, songar og filminnslag.

Hovudgrunnen til at TV2 har valt Uskedalen, er nok det gode rykte allsongprogramma **Allsong i sjøkanten** har skapt. Vebjørn Ytre-Hagen hadde og sagt at det hadde vore sterkt medverkande at det var kultursjefen i årets kulturkommune i Hordaland som var programleiar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen